



Kvituren på plass att i båthamna.(Foto: Ola Matti Mathisen)

Ei båtulukke som vart meldt til politiet like før klokka 12 enda godt sjølv om ein mann hamna i sjøen og ein stor båt hamna i Uskedalen Brygge i Beinavikjo.



Brygga vart påført betydelege skadar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skipparen på Colin Archer-skøyta Kvituren var rundt rekna 200 meter utanfor Flatholm med den 45 fot store båten då han var så uheldig å gli på dekket og falla i sjøen medan han arbeidde med noko tauverk. Han klarte å symja til land på holmen i det kalde vatnet og slå alarm medan skøyta gjekk vidare. Ho hamna i Uskedalen Brygge der ho seinka ein småbåt og skada ein annan. Også sjølv brygga fekk betydelege skadar. Det fekk ikkje Kvituren, som etter stutt tid var på plass att i båthamna.

Det høyrer i høgste grad med til historia at skipparen sjølv var på plass att og styrde skøyta attende til hamna med assistanse frå politiet. Dit gjekk ho for eigen maskin.

Skipparen vart ikkje skada og trong ikkje legehjelp, men er naturleg nok sterkt prega av hendinga.

Av Ola Matti Mathisen